



Endring i tilgang til iPad på 1. og 2. trinn i Timeskulen

I oktober 2024 kom Utdanningsdirektoratet med ein [retteleiar](#) for korleis skular og skuleeigar kan begrensa tilgang til internett og appar ut frå elevane sin alder og modning. Særleg for dei yngste elevane er det anbefalt ei streng begrensing, og "tillatt-filter" på einingane kan vera ei løysing. Dette inneber at elevane kun har tilgang til spesifikt innhald på nett. Tillatt- filter er særskilt anbefalt dersom elevane skal nytta den digitale eininga på eigahand utan lærar eller at eininga er med heim.

I Time kommune bruker me "ikkje- tillatt- filter" på alle dei digitale einingane, iPad, for å begrensa tilgangen til skadeleg innhald. Elevane sine iPadar går gjennom kommunen sitt webfilter uavhengig av kva nett dei er på. Dei same restriksjonane som gjeld på skulen, vil difor også gjelde andre stader. Det har blitt gjennomført ei undersøking blant lærarane på barnetrinnet i Timeskulen for å få meir kunnskap om korleis iPad blir brukte. Målet er at det skal vera ein balanse i skulen mellom digitale og analoge læremiddel.

For å hindra at dei yngste elevane får tilgang til skadeleg innhald, vil ikkje elevane på 1. og 2. trinn i Timeskulen få ha med seg iPad heim frå skuleåret 2025-2026. Elevane vil ha ein balansert bruk av iPad på skulen, slik som no, og vil kun bruka dei digitale einingane saman med ein lærar.

Med helsing

fagstab oppvekst
Time kommune